

Risningen på Stemneplassen vart fjerna i dag.

23.02.2019



Med maskinar og utstyr frå medlemmer i Bondelaget vart risningen på Stemneplassen fjerna i dag.

Tor Ove Haugland, Runar Myklebust, Trond Johannes Myklebust og Lars Haugland frå Uskedal Bondelag var på Stemneplassen før kl. 08.00 i dag og starta arbeidet med lessing og bortkøyring av den store risningen som har over mange år lege på Friluftsplassen. Med dette har Bondelaget mest på dugnad gjort eit stort arbeid for Uskedal Friluftslag. Motytinga er at laget kan få bruka møterommet til sine møte i 2019 utan leige.

Arbeidet var gjort på vel to timar. Då var 8 lass køyrd på fylling. Risningen har kome til over mange år. Etter at det var slutt på jonsokbålet har det ved rydding vorte ein lagringsplass for greiner, kratt, ris og gras. Noko har til og blitt tilkøyrd ved dugnader andre plassar i bygda.

No er plassen rydda og planert. Noko av arealet kan brukast til parkering, og det utan store inngrep i lende.

Takk til Uskedal Bondelag for vel utført arbeid.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal